

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2018	Formannskapet i Radøy	PS	25.01.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lisbeth Toppe Alvær	18/20	18/1006

Prosjektmandat for småbarnsavdeling ved Austebygd barnehage

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Prosjektmandatet for utbygging av Austebygd barnehage gjer m.a. greie for mål, organisering og finanisering, og legg rammene for realisering av prosjektet. Framdriftsplan vert utarbeidd av prosjektgruppa, og rapportering skal skje i tråd med avtale. Prosjektmandatet er lagt ved saka.

Investeringsprosjekt som gjeld nybygg og ombyggingar, inkludert VA-prosjekt, med kostnadsramme som hovudregel 1 millionar kroner eller over, er i følgje politisk reglement pkt 6b, prosjekt kor byggenemnda skal koblast inn. I det politiske reglementet heiter det at byggenemnda skal ha ein innspel-, støtte- og pådrivarfunksjon i prosjektgjennomføringa. Byggenemnda får oppdraga sine frå kommunestyret eller formannskapet gjennom godkjenning av prosjektmandat.

Vurdering

Prosjektmandatet for utbygging av Austebygda barnehage følger opp budsjettet på ein tilfredstillande måte, og legg rammene for realisering av småbarnsavdeling. Prosjektet er eit utbyggingsprosjekt med ein total kostnadsramme på kr 6 500 000, og fell derfor innanfor portefølgjen som skal følgast opp av byggenemnda.

Konklusjon

Prosjektmandatet følger opp budsjettvedtaket for utbygging av Austebygd barnehage, og prosjektet fell innanfor oppdragsområdet for byggenemnda.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner prosjektmandatet for utbygging av Austebygd barnehage, og prosjektet vert sendt over til byggenemnda for oppfølging.

Formannskapet i Radøy - 007/2018

FS - handsaming:

Rådmann Jarle Landås orienterte om modellen med prosjektmandat for investeringsprosjekt som ligg i vedteke budsjett.

Vidar Grindheim (H) stilte spørsmål om formuleringar knytt til kostnad. Rådmannen svara at utfrå status i dag skal den økonomiske ramma vera tilrekkeleg for å koma i mål.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Formannskapet godkjenner prosjektmandatet for utbygging av Austebygd barnehage, og prosjektet vert sendt over til byggenemnda for oppfølging.

Vedlegg:

Prosjektmandat - Austebygd barnehage småbarnsavd 170118
POLITISK REGLEMENT og delegering 2016 vedteke i kommunestyret